



Utdrag frå ein førebels protokoll

## Retningsliner for bruk av liturgiske farger

### **Merknader frå kyrkjemøtekomiteen og Kyrkjemøtet sitt vedtak**

Komiteen legg saksutgreiinga til grunn og vil lyfte fram:

Dei liturgiske fargane er ein viktig del av symbolspråket i kyrkja og er med å gje liturgien i kyrkja rikare. Dei fire fargane som vart innførde med gudstenestereforma i 1977, kvitt, fiolett, raudt og grønt, har blitt godt mottekte i kyrkja. For å auke medvitet rundt dei, vil det vere viktig for barn, unge og vaksne å få opplæring i kva fargane tyder. Dei fire fargane bør framleis vera dei liturgiske hovudfargane.

Svart har blitt vurdert som ny liturgisk farge i ei høyring, og eit fleirtal gjekk inn for dette som farge på langfredag. I framlegget til Kyrkjemøtet er svart farge likevel teke ut. Komiteen gjer framlegg om å innføre svart som ein valfri, alternativ liturgisk farge til fiolett på langfredag, og berre på denne eine dagen i kyrkjeåret. Det betyr at ein tillet bruk av svart stola på denne dagen. Eit mindretal i komiteen går ikkje inn for dette og vil ikkje at svart skal vere ein liturgisk farge.

Svart kan vere eit dramatisk og høveleg uttrykk for langfredag og på ein meiningsfull måte gje kontrast til overvinninga av døden Påskedag. Den stor opp under dei liturgiske skikkane som har vakse fram i mange kyrkjelydar dei siste tiåra for å tydeleggjere særpreget ved ulike dagar i den stille veka. Det gjeld særleg skikken å avdekke altaret etter gudstenesta skjærtorsdag som innleiing til langfredag, og å ta bort andre uttrykk for fest og glede i kyrkjjerommet.

I salmane våre er bodskapen på langfredag til dømes uttrykt soleis:

*Solen på himmelen lukket sitt øye  
den dag da solen på korset gikk ned.  
Da stod naturen i dobbelt dødsmøye,  
dobbelt formørkelse var der da skjedd.  
Men på vår påskedag så man opprunnet  
Begge de soler som syntes forsvunnet.  
Halleluja, halleluja! (Petter Dass i NoS 174)*

Når svart vert ein valfri tilleggsfarge på denne særprega dagen i kyrkjeåret, rokkar den ikkje ved fiolett som fargen for førebuing, bot og sorg. Svart skal ikkje nyttast ved sørkjegudstenester eller gravferd. Komiteen foreslår følgjande 4 tillegg i retningslinene, punkt 1:

- *I tillegg kan svart nyttast som eit valfritt alternativ til fiolett på langfredag. Det er ein farge for mysteriet knytt til langfredagen.*

- *Langfredag: fiolett – eller svart.*

I samband med at den nye tekstboka endrar namn på 6. søndag etter påske, til Søndag før pinse, og ynskjer å knytte denne dagen nærmare til pinsa, gjev Kyrkjerådet framlegg om å endre fargen frå kvitt til raudt på denne dagen. Komiteen er samd i at dagen skal knytast til pinsa, men vil likevel ikkje gå inn for å endre fargen til raudt. I jule- og påskehøgtida endrar ein ikkje farge før sjølve høgtida er der, og det meiner komiteen at ein ikkje skal gjere før pinse heller. Forholdet mellom søndag før pinse og pinsedag samsvarer med skilnaden mellom fastelavn, med sin grøne farge, og fastetida med fiolett. Komiteen gjer difor framlegg om at Søndag før pinse framleis skal høyre til påsketida og ha kvitt som liturgisk farge, og foreslår følgjande endring i retningslinene, punkt 2:

- *Påsketida (Påskennatt – Søndag før pinse ”): kvitt/gyllent.*

Kyrkjerådet gjer også framlegg om å oppjustere Treeiningssøndagen til ein festdag, og foreslår at fargen denne dagen vert kvitt. Komiteen er samd i at denne dagen vert ein festdag. Ein har drøfta om fargen skal vere raudt for å markere at veka etter pinse er ei festveke som avsluttast med Treeiningssøndag. Komiteen har sluttat seg til Kyrkjerådet sitt forslag om at fargen for Treeiningssøndag skal vere kvitt. Med dette samlar dagen dei tre høgtidene jul, påske og pinse.

Kyrkjerådet gjer også framlegg om å nytte kvitt, raudt eller kyrkjeårsfargen på gudstenester med konfirmasjon. Den kvite fargen knyt attende til dåpen og gjev uttrykk for fest og glede. Den raude fargen stadfestar at ein er innlemma i kyrkja og fargen symboliserer krafta frå Den heilage ande og etterfylging av Kristus. Ein vil tilrå kvitt eller raudt som farge ved konfirmasjon, og ikkje kyrkjeårsfargen. Komiteen foreslår difor følgjande endring i retningslinene, punkt 5:

- *Ved konfirmasjon: raudt eller kvitt.*

Komiteen foreslår også eit tilleggsord i siste setning i punkt 3:

- *Ved ordinasjon/vigslig, kyrkevigslig og kyrkjejubileum bruker ein raudt.*

## Retningslinjer for bruk av liturgiske farger

### Bokmål

1. Fargene er en viktig del av kirkens symbolspråk. De er med på å berike kirkens liturgier og er synlige uttrykk for kirkeårstider og feiringer. Gjennom kirkens historie har forskjellige farger og fargenyanser vært i bruk, avhengig av tradisjon, geografi og kultur. Det er likevel fire liturgiske *hovedfarger* som går igjen og som gjelder i Den norske kirke.
  - a) Hvitt (eller gyllent) er fargen for Kristus-høytidene, fest og glede.
  - b) Fiolett er fargen for forberedelse, bot og sorg.
  - c) Rødt er fargen for Ånden og kirken, blod, ild og martyrium.
  - d) Grønt er fargen for vekst og livskraft.

Det er ønskelig at alle kirker har messehakel og stola, evt. også prekestolklede og antependium i de fire hovedfargene (fortrinnvis grønt og hvitt).

De fire hovedfargene kan brukes i ulike valører alt etter lokale forhold. Både *hvitt* og *gyllent* kan brukes som festfarge.

2. Hovedperioder i kirkeåret:

*Adventstiden*: fiolett

*Juletiden* (Julaften t.o.m. Kristi åpenbaringsdag): hvitt

*Åpenbaringstiden* (2.søndag i åpenbaringstiden – Fastelavnssøndag): grønt

*Fastetiden* (Askeonsdag-Påskeaften): fiolett

*Palmesøndag*: fiolett

*Skjærtorsdag*: fiolett

*Langfredag*: fiolett

*Påskeaften*: fiolett

*Påsketiden* (Påskennatt – Søndag før pinse): hvitt/gyllent

*Pinse* (Pinsedag – Andre pinsedag): rødt

*Treenighetssøndag*: hvitt/gyllent

*Treenighetstiden*: grønt

*Farger på spesielle dager*:

Hvitt: Maria budskapsdag

Sankthans (Jonsok)

Mikkelsmess

Allehelgensdag

Andre helgendager

Rødt: Stefanusdagen (Andre juledag)

Aposteldagen (6. søndag i treenighetstiden)

Olavsdagen (Olsok)

Andre martyrdager

Fiolett: Bots- og bededag (20. søndag i treenighetstiden)

Grønt: Høsttakkefest

Skaperverkets dag

1. og 17. mai brukes grønt eller kirkeårstidens farge.

3. Ved høymesse og andre gudstjenester på søndag og andre kirkelige helligdager brukes vanligvis kirkeårstidens farge. Dette gjelder også dåp, når den inngår i hovedgudstjenesten. Ved ordinasjon/vigsling, kirkevigslig og kirkejubileum er liturgisk farge rødt.
4. Ved gudstjenester på hverdager brukes vanligvis fargen for nærmest foregående søndag eller helligdag. Unntatt fra denne regelen er uken etter de dager som foran er kalt "spesielle dager". På lørdager kan fargen for kommende søndag brukes.
5. Ved kirkelige handlinger utenom hovedgudstjenesten og ved særskilte gudstjenester brukes fargene vanligvis slik:  
*Ved dåp*: hvitt eller kirkeårstidens farge  
*Ved konfirmasjon*: rødt eller hvitt/gyllent  
*Ved vigsel*: hvitt/gyllent  
*Ved gravferd*: fiolett  
*Ved skriftemål*: fiolett  
*Ved sørgegudstjenester*: fiolett

Nynorsk

## Retningslinjer for bruk av liturgiske fargar

1. Fargane er ein viktig del av symbolspråket i kyrkja. Dei er med på å gjera liturgien i kyrkja rikare og er synlege uttrykk for kyrkjeårstider og feiringar. Gjennom kyrkjhistoria har det vore brukt ulike fargar og fargenyansar alt etter tradisjon, geografi og kultur. Det er likevel fire liturgiske *hovudfargar* som går igjen og som gjeld i Den norske kyrkja..
  - a) Kvitt (eller gyllent) er fargen for Kristus-høgtidene, fest og glede.
  - b) Fiolett er fargen for førebuing, bot og sorg.
  - c) Raudt er fargen for Anden og kyrkja, blod, eld og martyrium.
  - d) Grønt er fargen for vokster og livskraft.

Det er eit ønske at alle kyrkjer har messehakel og stola, ev. også prekestolklede og antependium i dei fire hovudfargane (helst grønt og kvitt).

Dei fire hovudfargane kan ha ulike valørar alt etter lokale tilhøve. Både *kvitt* og *gyllent* kan vera festfarge.

2. Hovudperiodar i kyrkjeåret:

*Adventstida*: fiolett

*Juletida* (Julaftan – Kristi openberringsdag): kvitt/gyllent

*Openberringstida* (2. søndag i åpenbaringstida – Fastelavn)

*Fastelavnssøndag*: grønt

*Fastetida* (Oskeonsdag – Påskeaftan): fiolett

*Palmesøndag*: fiolett

*Skjærtorsdag*: fiolett

*Langfredag*: fiolett

*Påskeaftan*: fiolett

*Påsketida* (Påskennatt – Søndag før pinse): kvitt/gyllent

*Pinse* (Pinsedag – Andre pinsedag): raudt

*Treeiningssøndag*: kvitt/gyllent

*Treeiningstida*: grønt

*Fargar på spesielle dagar*:

Kvitt: Maria bodskapsdag

Jonsok

Mikkelsmess

Helgemessesøndag

Andre helgendarar

Raudt: Stefanusdagen (Andre juledag)

Aposteldagen (6. søndag i treeiningstida)

Olavsdagen (Olsok)

Andre martyrdagar

Fiolett: Bots- og bededag (20. søndag i treeiningstida)

Grønt: Hausttakkefest

Skaparverkdagen

1. og 17. mai bruker ein grønt eller fargen for kyrkjeårstida.

3. Ved høgmesse og andre gudstenester på søndagar og andre kyrkjelege helgedagar er det vanleg å bruka fargen for kyrkjeårstida. Det same gjeld når det er dåp i hovudgudstenesta. Ved ordinasjon/vigslig, kyrkjevigslig og kyrkjejubileum bruker ein raudt.
4. Ved gudstenester på kvardagar er det vanleg å bruka fargen for siste søndagen eller helgedagen. Denne regelen gjeld ikkje i veka etter dei dagane som ovanfor

er kalla "spesielle dagar". På laurdagar kan ein brukka fargen for komande søndag.

5. Ved kyrkjelege handlingar utanom hovudgudstenesta og ved spesielle gudstenester er det vanleg å brukka fargane slik:  
*Ved dåp:* kvitt eller fargen for kyrkjeårstida  
*Ved konfirmasjon:* raudt eller kvitt  
*Ved vigsel:* kvitt/gyllent  
*Ved gravferd:* fiolett  
*Ved skriftemål:* fiolett  
*Ved sorgjegudstenester:* fiolett

## **Kyrkjemøtevedtak**

1. Kyrkjemøtet vedtek "Retningsliner for bruk av liturgiske fargar " i Den norske kyrkja.
2. Retningslinene trer i kraft 1. søndag i advent 2011.
3. Desse retningslinene skal ikkje vere til hinder for at ein ved særskilde høve kan gjere bruk av historiske kyrkjetekstilar, som høyrer til ei lokal kyrkje.
4. Kyrkjemøtet gjev Kyrkjerådet fullmakt til, om naudsint, å justere retningslinene i forhold til den vidare handsaming av gudstenestereforma.